

27 OKT. 1992

A R S M E L D I N G

1 9 9 1



FISKERIRETTLEIAREN

I

HARAM, SKODJE, ØRSKOG
OG
VESTNES

3038/1149

F O R O R D

I fylgje lov om rettleiingstenesten i fiskerinæringa, og paragraf 10 i instruks for fiskerirettleiare, skal fiskerirettleiaren utarbeide årsmelding med oversikt over dei ulike gjeremål ved fiskerikontoret det føregåande år.

Årsmeldinga skal gi eit anvendelig bilde av utviklinga innan distriktets fiskerinæring i beretningsåret. Den representerer som sådan eit viktig hjelpemiddel i sakshandsaminga for fiskerinemnda og fiskerirettleiar, og venteleg også for kommunepolitikere i deira arbeid med næringsverksemd.

Årsmeldinga er utarbeidd av underskrivne fiskerirettleiar, og den er i tråd med Fiskeridirektoratets opplegg for "standardisering av årsmeldingar for fiskerirettleiare", likevel med unntak av einstilte endringar tilpasset vårt distrikt.

Brattvåg, august 1992

Olav Flaa

I N N H A L D S L I S T E

1.	RETTLEIINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON	Side
1.1.	Fiskerikontoret	4
1.2.	Personalet	4
1.3.	Korrespondanse	4
1.4.	Rettleiing og informasjon	5
1.5.	Møteverksemd/ viktige prosjekter	5
1.6.	Deltakelse i utval, nemnder, råd og komiteer	6
1.7.	Fiskerinemnder	7
1.8.	Møteverksemd i fiskerinemndene	8
2.	SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA	
2.1.	Sysselsetting i fisket	9
2.2.	Sysselsetting i foredlingsleddet	11
2.3.	Sysselsetting i oppdrettsnæringa	12
3.	FISKEFLÅTEN	
3.1.	Merkeregisteret	13
3.2.	Konsesjonsbildet for kommunane	15
4.	FOREDLINGSLEDDET	
4.1.	Fiskebedriftene	16
4.2.	Råstoff, produksjon- og kvantumsutvikling	17
5.	FISKEOPPDRETT/ AKVAKULTUR	
5.1.	Oppdrett av matfisk og settefisk (laks og aure)	20
5.2.	Oppdrett av andre marine fiskearter og skjell- dyrking	22
6.	LÅNE- OG FINANSIERINGSKJELDER	
6.1.	Statens Fiskarbank	23
6.2.	Andre låne- og finansieringskjelder	24
7.	TILTAKSPLANAR/ TILTAKSIDEAR	
7.1.	Fiskeflåten	25
7.2.	Foredlingsleddet	25
7.3.	Akvakultur	26

8.	ANDRE VERKSEMDER	
8.1.	Interessante hendingar	27
8.2.	Krisehandteringar	27
8.3.	Kystsoneplan	28
8.4.	Fiskerihamneplan	28
8.5.	Samarbeidstiltak	29
8.6.	Fiskeriutdanning	29

VEDLEGG

1. Kartspesifikasjonar

1. RETTLEDNINGSTENESTA SI VERKSEMD OG FUNKSJON

1.1. Fiskerikontoret

Haram er kontorkommunen til fiskerirettleiaren. Den 1. september 1989 flytta vi inn i eit større og meir tidsmessig kontorlokale i Hildre Fiskevegfabrik A/S sitt forretningsbygg i Brattvåg. Kontorutstyr og inventar forefinnes stort sett i naudsynt omfang på kontoret. Men ein må rekne med å skifte ut utstyr etter kvart som det blir nedslitt.

1.2. Personalet

Fast bemanning ved fiskerikontoret er kun fiskerirettleiar. Olav Johan Flaa var i meldingsåret fast ansatt som fiskerirettleiar. Frå 4. februar 1991 til 20. desember 1991 var Sissel Merethe Johansen ansatt som kontormedarbeider under ordningen "Arbeid for trygd".

Retningsgivande for kontorets verksemd er instruks for fiskerirettleiare, fastsatt i medhold av lov nr. 42 av 11. juni 1982 om rettleiingstjenesta i fiskerinæringa.

1.3. Korrespondanse

Av brevjournalen for inn- og utgåande skriv for fiskerikontoret i Haram, Skodje, Ørskog og Vestnes framgår følgjande antalsfordeling dei siste 3 år:

År	1989	%-vis	1990	%-vis	1991	%-vis
Ant. inng. skriv	440	49	557	43	686	42
Ant. utg. skriv	460	51	735	57	951	58
Ant. totalt	900	100	1292	100	1637	100

I meldingsåret var tala på utgåande skriv 951 stk., d.v.s 58% av den totale mengde inn- og utgåande skriv.

1.4. Rettleiing og informasjon

Ein registrerer at det stadig er behov for veiledning og informasjon til næringa sine utøvere.

1.5. Møteverksemd/viktige prosjekter

Fiskerirettleiaren har i meldingsåret hatt ein god del møteverksemd, både i og utanfor tenestedistriktet. Ein kan her eksempelvis nemne:

- Samling for rettleiingstenesta i Møre og Romsdal i Ålesund 7.-8. mars, vedr. Sivil beredskapsplan.
- Deltaking på messen Aqua Nor 1991 i Trondheim 9.-10. august.
- Næringslivsseminar: Ei framtid i Haram, avholdt i Brattvåg 30. september.
- Samling for rettleiingstenesta i Møre og Romsdal i Ålesund 10.-11. oktober.
- Deltaking i Romsdal Fiskarlags årsmøte i Molde 18. oktober.
- Deltaking i Sunnmøre Fiskarlags årsmøte i Ålesund 1.-2. november.
- Div. møter i lokale fiskarlag.
- Div. møter ang. sivile beredskapsplanar i kommunane.

Av relativt store og viktige prosjekter i distriktet som har engasjert fiskerirettleiaren i meldingsåret, kan ein til dømes nemne:

- Havbruksoffensiven 1991 - 1993. Inspeksjon av oppdrettsanlegg i distriktet.
- Arbeid i samband med "Plan for smittehygieniske soner i Møre og Romsdal".
- Budsjettnemnda for fiskerinæringa - småbåtundersøkelsen 1991.
- Regulering av fisket etter torsk med konvensjonelle reiskap i 1991.
- Gjeldssanerings- og refinansieringsopplegg for fiskefarty med økonomiske problemar.
- Beredskap i samband med oljeforurensning på grunn av skipshavari.

1.6. Deltakelse i utval, nemnder, råd og komiteer

Merkelovens tilsynsmann

I henhold til instruks for fiskerirettleiare paragraf 6, skal fiskerirettleiaren inneha stillinga som merkelovens tilsynsmann. For tida fungerer fiskerirettleiaren som merkelovens tilsynsmann i kontorkommunen, d.v.s. i Haram, samt kommunene Vestnes, Rauma, Ørskog og Norddal. Arbeidet består i å holde merkeregisteret ajour, skrive ut merkebrev til fartøyeigare, foreta endringer i merkeregisteret og ekspedere dette vidare til Fiskerisjefen i Møre og Romsdal.

Fiskarmanntalsnemnda

I henhold til instruks for fiskerirettleiare paragraf 2, skal fiskerirettleiaren føre manntalet for fiskare og fangstmenn m.v. i kontorkommunen, samt andre deler av tenestedistriktet der dette blir bestemt. For tida fungerer fiskerirettleiaren som manntalsfører for distrikts-kommunene Haram, Skodje og Ørskog. Vestnes kommune har eigen manntalsfører.

1.7. Fiskerinemnder

Dei sittande fiskerinemndene er vald for perioden 1988-1991, og består av følgjande medlemmer og varamedlemmer i kontorkommunen:

Haram fiskerinemnd

Leiar:	Sigmund Flem	6293	Longva
Nestleiar:	Helge Holmeseth	6265	Vatne
Medlem:	Sebjørn Vestre	6270	Brattvåg
Medlem:	Steinar Kjørstad	6292	Kjørstad
Medlem:	Hans P. Tomren	6290	Haramsøy

Varamedlemmer:	Eilert Volstad	6280	Søvik
	Oddvar Urkedal	6265	Vatne
	Gudmund Fjørtoft	6294	Fjørtoft
	Sivert Fjørtoft	6294	Fjørtoft
	Peter Alf Eik	6265	Vatne

I dei øvrige kommunene i distriktet er medlemene i fiskerinemndene lista opp slik:

Felles fiskerinemnd - Skodje, Ørskog, Norddal og Stordal

Leiar:	Helmar Vik	6260	Skodje
Nestleiar:	Steinar Leganger	6240	Sjøholt
Medlem:	Kjell Andre Urke	6260	Skodje
Medlem:	Vidar Hareide	6215	Eidsdal
Medlem:	Norma Rødset	6250	Stordal

Felles fiskerinemnd - Vestnes og Rauma

Leiar:	Olav H. Aas	6390	Vestnes
Nestleiar:	Rolf Larsen	6393	Tomrefjord
Medlem:	Grete Eik	6394	Fiksdal
Medlem:	Per G. Voldset	6386	Måndalen
Medlem:	Olav O. Talberg	6387	Vågstranda

Fiskerinemnda si verksemd er bestemt i lov om rettleiings-tenesten som trådte i kraft 11. juni 1982. Saker som har å gjere med Statens Fiskarbank er underlagt særlov.

1.8. Møteverksemd i fiskerinemndene

I Haram kommune er det halde 5 vedtaksføre møter i fiskerinemnda i meldingsåret med ei samla møtetid på 23 timer. Totalt vart det handsama 22 saker og ca. 192 referatsaker.

I tillegg til desse møta har det vore halde eitt "minimøte" der formannen og nestformannen var til stades saman med fiskerirettleiaren. Møtet varte i 3 timer, og det vart handsama 1 sak vedr. fiskeria si betydning for distrikta i Møre og Romsdal. Uttalelse i saka er sendt til Haram kommune.

Felles fiskerinemnd for Skodje, Ørskog, Norddal og Stordal har halde to møter med ei samla møtetid på 4 timer. Totalt vart det handsama 8 saker og ca. 29 referatsaker.

Fiskerinemnda for Vestnes og Rauma har halde to møter med ei samla møtetid på 4 1/2 timer. Totalt vart det handsama 4 saker og 21 referatsaker.

Under referatsaker finn ein for det meste saker som er handsama administrativt.

Totalt sett har det vore ein liten auke i antal saker som er handsama på fiskerinemndmøter i 1991 samanlikna med føregående år. Medan den administrative handsaminga av saker har auka monaleg.

2. SYSSELSETTINGA I FISKERINÆRINGA

2.1. Sysseisseting i fisket

Fiskarmanntalet brukes som indikator på sysseissetinga innan fisket. Fiskarmanntalet omfatter personar som driv sjøfiske, kval- eller selfangst. Medrekna er også mannskap på fiskebåtar sjølv om dei ikkje tek direkte del i fisket, t.d. stuertar, maskinistar m.v.

Reglane for oppsett av fiskarmanntalet er endra etter lov av 11. juni 1982 om rettleiingstenesta i fiskerinæringa. Forskrifter fastsatt 26. september 1983 av Fiskeridepartementet set bestemte krav til tid i fiske og til minimum inntekt frå fiske.

Manntalet skal vere organisert i to deler, blad A og blad B. Blad A skal vere eit register over personar som har fiske eller fangst som biyrke. Blad B skal vere eit register over personar som har fiske eller fangst som hovudyrke.

Fiskarmanntalet

I nedanståande tabeller er fiskarmanntalet oppsett for kvar kommune i rettleiardiistriktet og syner manntalsførde fiskarar fordelt på aldersgrupper og fiske eller fangst som levevei i tidsrommet 1989 til 1991. Tala referer til 31.12. kvart år.

Tabell 2.1.1.: Fiskarmanntalet i Haram kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1989 til 1991.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	total
89	Blad A				2	4	24	30	60
	Blad B	40	128	94	67	43	29		401
	Totalt	40	128	94	69	47	53	30	461
90	Blad A				1	4	21	37	63
	Blad B	41	139	84	63	48	27		402
	Totalt	41	139	84	64	52	48	37	465
91	Blad A			1	1	6	26	39	73
	Blad B	37	132	79	65	42	24	1	380
	Totalt	37	132	80	66	48	50	40	453

Kommentarer

Som det går fram av tabell 2.1.1. har det i alt vore ein liten reduksjon i talet på manntalsførde fiskarar i Haram kommune det siste året. Av det totale talet på manntalsførde fiskarar i 1991 er 37,3 % under 30 år.

Tabell 2.1.2.: Fiskarmanntalet i Skodje kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1989 til 1991.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Totalt
89	Blad A				1	1		2	4
	Blad B	1	14	12	2	4	1		34
	Totalt	1	14	12	3	5	1	2	38
90	Blad A				1	1		2	4
	Blad B	2	14	14	3	4	1		38
	Totalt	2	14	14	4	5	1	2	42
91	Blad A				1	1	2	2	6
	Blad B	2	13	12	8	5			40
	Totalt	2	13	12	9	6	2	2	46

I Skodje kommune har det vore ein liten auke i talet på manntalsførde fiskarar dei siste 3 åra. Av alle manntalsførde fiskarar i 1991 er 32,6 % under 30 år.

Tabell 2.1.3.: Fiskarmanntalet i Vestnes kommune - fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som levevei i tidsrommet 1989 til 1991.

År	Inn- deling	15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70...	Totalt
89	Blad A			1		2	5	2	10
	Blad B	22	62	26	7	6	2		125
	Totalt	22	62	27	7	8	7	2	135
90	Blad A			1	1	2	6	2	12
	Blad B	8	61	18	8	5	1		101
	Totalt	8	61	19	9	7	7	2	113
91	Blad A			1		2	6	1	10
	Blad B	20	68	31	9	5	3		136
	Totalt	20	68	32	9	7	9	1	146

Det siste året er det registrert ein auke i talet på fiskarar i Vestnes. Talet på manntalsførde fiskarar under 30 år utgjorde i meldingsåret heile 60,3 % totalt sett.

I Ørskog kommune er det berre registrert eit lite antal fiskarar.

Til saman var det 8 manntalsførde fiskarar i meldingsåret, og det har vore lita endring dei siste åra.

2.2. Sysseletting i foredlingsleddet

Tabell 2.2.1.: Sysseletting i foredlingsleddet i Haram.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.
89	39	19	58	5	13	18	41	27	68
90	42	21	63	9	23	32	46	34	80
91	40	24	64	20	41	61	44	40	84

I begrepet heltidstilsette regnes personar som er i arbeid ved eit av kommunens foredlingsanlegg i minst 10 mdr. pr. år. Arbeidsfritt som fylgje av produksjonsstopp regnes ikkje som fradrag i denne samanheng.

Siste året er det 8 foredlingsanlegg som har vore i drift. Sysselettinga innan foredlingsleddet utgjer i alt 84 årsverk i 1991.

Ein kan registrere ei auke i antal årsverk dei siste to åra. Aukinga i sysselettinga er størst for dei kvinnelege arbeidstakarane.

Av samla årsverk i foredlingsleddet utgjer kvinnelege arbeidstakare ca. 48 % i meldingsåret.

2.3. Sysseisseting i oppdrettsnæringa

Tabell 2.3.1.: Sysseisseting i oppdrettsnæringa i Haram, Skodje, Ørskog og Vestnes.

År	Heltidstilsette			Deltidstilsette			Antal årsverk		
	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.
89	21		21	12	17	29	24	7	31
90	26		26	17	17	34	32	9	41
91	28		28	18	21	39	36	10	46

Oppdrettsnæringa i dette distriktet sysseissete i 1991 i alt 67 personar på heil- og deltid, og det tilsvarer omtrent 46 årsverk.

Som det går fram av tabellen har det vore ei auke i talet på sysseissete i oppdrettsnæringa dei to siste åra. Dette har truleg si årsak i iverksetjinga av den smittehygieniske organiseringa av oppdrettsnæringa i Møre og Romsdal.

Gjennomføringa av denne modellen har ført til at matfiskanlegga no i større grad har teke i bruk fleire lokalitetar der det drivast oppdrett med generasjonsadskillelse av fisken. Lokalitetane får også kvile kvart 3. år.

Modellen legg opp til eit omfattande samarbeid mellom ulike matfiskanlegg, der fleire anlegg driv oppdrett av fisk på ein lokalitet. Det praktiseres med andre ord samdriftslokalisering.

3. FISKEFLÅTEN

3.1. Merkeregisteret

Tabell 3.1.1.: Merkerregisteret pr. 31.12.91 i Haram.

Lengde i meter	Antal fartøy			
	Status 01.01.	Avgang	Tilgang	Status 31.12.
0,00 - 4,99	1	0	0	1
5,00 - 9,99	38	5	9	42
10,00 - 14,99	14	1	1	14
15,00 - 19,99	3	1	0	2
20,00 - 29,99	1	0	0	0
30,00 - over	23	3	0	21
Totalt	80	10	10	80

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Tabell 3.1.2.: Fiskeflåten i Haram - aldersfordeling.

Lengde i meter	Totalt	Byggeår					
		00-50	50-59	60-69	70-79	Et.79	Uoppgitt
0,00 - 4,99	1	0	1	0	0	0	
5,00 - 9,99	42	0	4	4	18	14	2
10,00 - 14,99	14	3	2	1	4	3	1
15,00 - 19,99	2	0	1	0	0	1	
20,00 - 29,99	0	0	0	0	0	0	
30,00 - over	21	0	0	5	9	7	
Totalt	80	3	8	10	31	25	3

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Kommentarer til fartøyutviklinga

Haram:

Som det framgår av tabell 3.1.1. er det i Haram pr. 31.12.91 registrert i alt 80 fartøy. Dette er det same talet på merkeregistrerte fartøy som i 1990.

Tilnærmet 46 % av fiskeflåten består av fartøy i storleiksgruppa over 10 m, og det er ein prosentvis nedgang på omtrent 5 % samanlikna med førre meldingsår.

Når det gjeld aldersfordelinga er 70 % av fiskeflåten bygd etter 1970, og det er omtrent same %-vis fordeling som året før.

Haram kommune har ein stor og variert fiskeflåte. Og ein må også kunne seie at både strandard og alderssamansetning har stort sett utvikla seg i positiv retning dei siste åra.

Likevel vil det i nærmaste framtid vere behov for ytterlegare fornying av flåten for å ikkje verte akterutsegla i konkurransen med andre nasjoner som det er naturleg å samanlikne seg med.

Skodje, Ørskog, Vestnes og Rauma:

Ser ein på dei øvrige kommunane i distriktet finn ein at det har vore ein monaleg reduksjon i talet på merkeregistrerte fartøy i meldingsåret. Summert er reduksjonen på 27 fartøy.

Den viktigaste årsak til denne reduksjonen er at ein har sletta alle mindre fartøy som tydeleg ikkje fyller vilkårene for å vere merkeregistrert.

I Skodje var det pr. 31.12. registrert i alt 7 fartøy. Dette er 5 fartøy mindre enn året før. Samtlege av fartøya var under 10 meter lengde. Alle fartøya var bygd etter 1970.

I Ørskog var det pr. 31.12. berre 1 merkeregistrert fartøy. Dette er ein reduksjon på i alt 10 fartøy samanlikna med året før. Fartøyet var under 10 meter lengde og bygd etter 1970.

I Vestnes var det pr. 31.12. registrert i alt 15 fartøy, og dette er 8 fartøy mindre enn året før. 12 av fartøya var under 10 meter lengde. Tilnærmet 67 % av fartøya var bygd etter 1970

I Rauma var det pr. 31.12. registrert i alt 5 fartøy, og dette er 4 fartøy mindre enn året før. Alle fartøya var under 10 meter lengde og var bygd etter 1970.

3.2. Konsesjonsbildet for kommunane

Tabell 3.2.1.: Kommunevis fordeling av konsesjonar og fiskeløyve i distriktet pr. 31.12.91.

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Kommune	TORS	VASS	INDU	REKE	RING	LODD	KOLM	SNUR	BRIS	NSJØ	SUM
Haram	4	2	1	2	3	3	3			2	20
Skodje											
Ørskog											
Vestnes											
Rauma											
Totalt	4	2	1	2	3	3	3			2	20

TORS: torsketrålkonsesjon

VASS: løyve til å drive trålfiske etter vassild

INDU: industritrålkonsesjon

LODD: løyve til trålfiske etter lodde og polartorsk

KOLM: løyve til avgrensa tråling etter kolmule

REKE: rekekonsesjon

RING: ringnotkonsesjon

BRIS: brislingløyve

SNUR: snurrevad

NSJØ: nordsjøtrålkonsesjon

Kommentarer til konsesjonane

Av tabellen ser ein at i Haram kommune var det pr. 31.12. registrert i alt 20 konsesjonar. Det er i alt 12 fiskefarty som har desse konsesjonane.

Medan det i fjor til same tid var registrert i alt 26 konsesjonar fordelt på 15 fiskefartøy.

Årsaken til reduksjonen i talet på konsesjonar i Haram skuldast tap av 3 fartøy i storleiksgruppa over 30 meter.

Ser ein nærare på dette finn ein at 1 fartøy er solgt til ein annan kommune i Møre og Romsdal, 1 fartøy er flytta ut av kommunen til eit anna fylke og 1 fartøy er kondemnert

Dei øvrige kommunane i distriktet har ikkje fiskekonsesjonar.

4. FOREDLINGSLEDDET

4.1. Fiskebedriftene

Tabell 4.1.1.: Antal tilverkningsverksemder (landanlegg) pr.
31.12.91.

Kommune	Total	Fersk- fisk pakking	Filet Frys	Tørr- fisk	Salt- fisk	Klipp- fisk	Røyking	Silde- salting
Haram	8	5	7	4	7	4	1	2
Skodje	1	1	1	-	-	-	-	-
Ørskog	1	1	1	-	-	-	1	-
I alt	10	7	9	4	7	4	2	2

Tabell 4.1.1. syner talet på tilverkningsverksemder og dei vanlegste produksjonsformer i distriktet.

Det er i alt 10 fiskeforedlingsanlegg. Av desse er 4 anlegg tilknytt oppdrettsverksemd.

Bedriftene i distriktet er lokalisert slik:

Brattvåg: Rognes Fisk, adr. Brattvåg
Gjendemsjø Marketing A/S, adr. Brattvåg
Hellandshamn: Vestre Seafood A/S, adr. Brattvåg
Grytestranda: Grytestranda Fiskeindustri A/S, adr. Vatne
Ingolf Engeset A/S, adr. Vatne
Lepsøy: Lepsøy Fiskeindustri A/S, adr. Kjerstad
Fjørtoft: Arne O. Fjørtoft, adr. Fjørtoft
Flemsøy: Karsten Flem, adr. Longva
Stette i Skodje: Stettefisk A/S, adr. Skodje
Sjøholt i Ørskog: Sunnmøre Røykeri A/S, adr. Sjøholt

4.2. Råstoff, produksjon- og kvantumsutvikling

Tabell 4.2.1.: Ilandført kvantum bunnfisk i Haram kommune.
Kvanta i tonn rund vekt.

År	Torsk	Sei	Hyse	Lange/Brosme	Annet	Totalt
1989	1.500	2.594	449	3.969	1.675	10.187
1990	790	2.705	133	2.635	2.498	8.761
1991	1.375	4.258	338	3.344	1.705	11.020

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Tabell 4.2.2.: Anvendelse av råstoff i Haram kommune.
Kvanta i tonn rund vekt.

Anvendelse					
År	Fersk	Frys.	Salt.	Heng.	Annet
1989	1.014	4.756	4.182	-	234
1990	-	-	-	-	-
1991	-	-	-	-	-

Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Kommentarer

Bunnfisk

Tabell 4.2.1. syner at dei totale leveransane av bunnfisk auka med nærare 2.260 tonn, og dette er ei prosentvis auke på 26 % i meldingsåret.

Dersom ein tek føre seg dei einiskilde fiskeslag kan ein registrere følgjande utvikling i meldingsåret:

Leveransane av torsk auka i 1991 med heile 74 %.

Torskekvantumet utgjorde i 1991 ca. 12 % av det totale kvantum mot ca. 9 % året før.

For det ilandførte kvantum sei viser tala ein auke på heile 57 % i høve til i 1990. Seien utgjorde i 1991 ca. 39 % av det totale kvantum mot ca. 31 % året før.

Årets hysekvantum auka med heile 154 %. Hysa utgjorde omtrent 3 % av det totale kvantum i 1991 mot berre 1,5 % året før.

Leveransane av fiskeslaga lange og brosme syner ein auke på 27 % samanlikna med året før. Desse fiskeslaga utgjorde i 1991 ca. 30 % av det totale kvantum, og det er omtrent den same prosentvise fordeling som året før.

Ilandført kvantum av andre fiskeslag syner imidlertid ein reduksjon på ca. 32 % i meldingsåret. Dette skuldast særleg minking i leveransane av uer og blåkveite.

For uer vart det ein reduksjon på omtrent 760 tonn (38 %), medan blåkveitekvantumet vart redusert med omtrent 90 tonn (23 %).

Andre fiskeslag utgjer nå ca. 15 % av det totale kvantum mot 29 % i fjor.

Tabell 4.2.2. syner bedriftane sin produksjon og anvendelse av fangstane i 1989.

I 1989 var anvendelsen av råstoffet fordelt %-vis slik:

Fersk anvendelse 10 %, frysing 46,7 % og salting 41 % . Resten av råstoffet (ca. 2,3 %) gjekk til annan produksjon.

Når det gjeld bedriftane sin produksjon og anvendelse av fangstane av bunnfisk i 1990 og i meldingsåret ligg det dessverre ikkje føre nokon talmessig oversikt.

Skaldyr

I 1991 er det ilandført totalt 246 tonn skaldyr, vesentleg reke. Medan det i fjor vart ilandført eit samla kvantum på om lag 554 tonn. Dette er ein reduksjon på omtrent 55 %.

Pelagisk fisk

Samla kvantum silderåstoff i Haram kommune auka frå 4.352 tonn i 1990 til 6.870 tonn i 1991. Dette svarar til ei prosentvis auke på ca. 58 % i meldingsåret.

Det ilandførte kvantum silderåstoff består hovudsakleg av makrell (cirka 84 %).

I kommunane Skodje, Ørskog og Vestnes er det relativt liten fiskeriaktivitet i "tradisjonell betydning" både når det gjeld ilandført fiskefangst og tilvirkingsverksemd på land. Kommunane er difor utelatt i årsmeldinga i denne samanheng.

5. FISKEOPPDRETT/ AKVAKULTUR

5.1. Oppdrett av matfisk og settefisk (laks og aure)

Tabell 5.1.1.: Matfiskkonsesjonar 31.12.91.

Kommune	Antal	Oppdrettsvolum (m3)	Auke i oppdrettsvolum frå 01.01.91 til 31.12.91
Haram	3	36.000	-
Skodje	2	26.000	-
Ørskog	1	12.000	-
Vestnes	0	-	-
Totalt	6	74.000	-

Tabell 5.1.2.: Konsesjonar for settefisk (smolt) 31.12.91.

Kommune	Antal	Kapasitet settefisk x 1.000 stk.	Endring 1000 stk frå 01.01.91 til 31.12.91
Haram	2	515	-
Skodje	1	150	-
Ørskog	0 (1)	-	- 1.000
Vestnes	1	1.000	-
Totalt	4 (5)	1.665 (2.665)	- 1.000

() Parantes angir tal for året 1990.

Kommentarer

Ved utgangen av 1991 var det i alt 10 oppdrettskonsesjoner i distriktes kommuner, 6 for matfiskoppdrett og 4 for settefisk.

Desse konsesjonane er lokalisert slik:

Matfisk:

- Haram: 1. Vestrefjord Fisk A/S (tidl. Br. Aarsæther A/S),
Eik, Vestrefjorden, Medøya i Vatnefjorden
2. A/S Sølvfisk, Longvafjorden, Haramsøy
3. A/S Gladlaks, Bratteberget, Fjørtoftfjorden, Fjørtoft,
Rogne, Nogvafjorden, Flemsøy, Eggløysa, Sandøy kommune
Skodje: 4. Mauren Laks A/S, Mauren, Skodje,
mellombels lok. v/Lorgja/Grytafj. i Alesund kommune
5. Marius Eikremsvik A/S, Stettevika, Skodje,
tilleggslok. v/Gudmundset og ved Medøya i Haram
Ørskog: 6. Oppdrettslaks A/S, Ørskogvika, Lisetvik,
v/Gjerset i Grytafjorden, Haram kommune

Settefisk:

- Haram: 1. Vestrefjord Fisk A/S (tidl. Br. Aarsæther A/S),
Vestrefjorden, v/Eik
2. Anne Kristin Drønnesund Tettli, Alvestadbukta,
v/ Sotåa
Skodje: 3. Glomset Fiskeoppdrett A/S, Honningdalsvågen,
v/Glomset
Vestnes: 4. Sætre Settefisk A/S, Tresfjorden, v/Daugstad

Alle matfiskanlegga har hatt full produksjon i meldingsåret.

Av dei 4 settefiskanlegga i distriktes kommuner var det 2 anlegg som hadde produksjon i meldingsåret.

Tabell 5.1.2. viser at settefiskkapasiteten er redusert med 1 mill. stk. settefisk i meldingsåret. Det skuldast at det var 1 konsesjon som gjekk ut av konsesjonsregisteret grunna igangsetjingsvanskar.

Dersom anlegga ikkje kjem i drift innan 2-årsfristen, jfr. konsesjonsvilkårene, blir konsesjonane sletta i konsesjonsregisteret. Ein kan søkje om utsetjing på igangsetjingsfristen.

5.2. Oppdrett av andre marine fiskearter og skjell dyrking

Tabell 5.2.1.: Konesesjonar for andre marine fiskearter og skaldyr fordelt på kommuner pr. 31.12.91.

Kommune	Andre marine fiskearter					Skaldyr		
	Ant.	Torsk	Kveite/ piggvar	Sjørøye	Ål	Volum (m3)	Ant.	Areal (dekar)
Haram	6	2	3	1		14.000	9	36
Skodje	-	-	-	-		-	-	-
Ørskog	1	-	-	-	1	1.000	1	1,5
Vestnes	-	-	-	-	-	-	-	-
Totalt	7	2	3	1	1	15.000	10	37,5

Ved utgangen av 1991 var det i alt 7 konsesjonar for oppdrett av andre marine fiskearter enn laks og aure. Samla oppdrettsvolum var på 15.000 kbm. Berre 3 av anlegga var i drift i meldingsåret, 1 anlegg for oppdrett av ål, 1 anlegg som driv forsøk med oppdrett av kveite og 1 anlegg for oppdrett av torsk.

Når det gjeld oppdrett av skaldyr var det i alt 10 konsesjonar.

Det er ikkje registrert leveransar av større parti dyrka skjell for salg i meldingsåret.

6. LÅNE- OG FINANSIERINGSKJELDER

6.1. Statens Fiskarbank

Tabell 6.1.1.: Omsøkte og innvilga lån i perioden 1989 - 1991
(1.000 kr).

1) Omsøkte lån:

Kommune	År	Ant.	Fartøy	Ant.	Reds.lån	Ant.	Tilv.anl.	Ant.	Totalt
Haram	89	20	28.550	2	400			22	28.950
	90	16	31.819	2	2.061			18	33.880
	91	9	24.878	1	900	1	60	11	25.838
Vestnes	89	5	3.360					5	3.360
	90	1	80	1	200			2	280
	91								
Skodje	89								
	90	1	95					1	95
	91								

2) Innvilga lån:

Kommune	År	Ant.	Fartøy	Ant.	Reds.lån	Ant.	Tilv.anl.	Ant.	Totalt
Haram	89	10	10.425					10	10.425
	90	12	26.965					12	26.965
	91	10	26.878	2	1.160	1	60	13	28.098
Vestnes	89	1	900					1	900
	90								
	91								
Skodje	89								
	90								
	91								

Kjelde: Statens Fiskarbank.

Tabellen syner: 1. Antal registrerte søknadsbeløp - nye lån og overføringer for årene 1989, 1990 og 1991.
2. Innvilga lån og overføringer for dei same år.

Kommentarer

Omsøkte lån i Statens Fiskarbank utgjorde ved utgangen av meldingsåret totalt 25,8 mill. kroner, medan det var 34,2 mill. kroner som var omsøkt året før.

Som ein ser av tabellen ovanfor kom det inn søknader om lån i 1991 frå Haram kommune. Det var ikkje registrert søknader frå Vestnes, Skodje og Ørskog kommuner i 1991.

Det er berre registrert innvilgede lån i Haram kommune.

Det er ikkje registrert innkomne søknader om lån til nybygg dei siste åra.

Ein kan dermed slå fast at investeringslysten blant fiskarane i distriktet er kraftig redusert dei siste åra når det gjeld nybygg.

I meldingsåret har det ikkje vore vanskeleg å få innvilga lån i Statens Fiskarbank.

6.2. Andre låne- og finansieringskjelder

Utover søknader til Statens Fiskarbank er det ikkje registrert innkomne søknader til andre låneinstitusjonar for handsaming i fiskerinemndene.

NB. Differansen mellom omsøkte- og innvilga lån i Haram skuldast at nokre av innvilgingane i meldingsåret kan vere omsøkt året før (tabell 6.1.1.).

7. TILTAKSPLANAR/ TILTAKSIDEAR

I dette kapitlet vil ein presentere/ liste opp i stikkordsform aktuelle tiltak/ prosjekter som blir vurdert som viktige for fiskerinæringa i dette distriktet.

7.1. Fiskeflåten

1. Sikkerhetsopplæring for fiskere - arbeide aktivt for å få flest mogleg fiskere til å delta på kursa som arrangeres.
2. Tilskotsordningar for fiskebåtar - spreie informasjon om kondemneringsordningar m.v. som styresmaktene har sett i verk for å få til ein reduksjon av fangstkapasiteten i fiskeflåten.
3. Gjeldsreducerende tiltak i fiskeflåten.
4. Merkeregisteret - gjennomgåing av Merkeregisteret for fiskefartøyer i distriktet.

7.2. Foredlingsleddet

1. Leveransen av råstoff - bidra til å få jamne råstoffleveransar til anlegga.
2. Modernisering av foredlingsanlegga slik at dei kan ta imot råstoffleveransar frå kystflåten i distriktet.
3. Strukturtiltak - gi rettleiing og informasjon til fiskebedrifter som p.g.a. råstoffsituasjonen ønskjer å benytte seg av tilbud om strukturmidlar for omstilling til annan næringsverksemd.
4. Gjeldsreducerende tiltak i fiskeindustrien.
5. Marked - arbeide aktivt for å finne marked for særskilte fiskeprodukter.

7.3. Akvakultur

1. Plan for smittehygieniske soner i Møre og Romsdal - bidra til at oppdrettarane får lokalitetar slik at planen kan gjennomførast så snart som mogleg.
2. Havbrukskontrollen - etterkontroll av matfiskanlegga og oppfølging av inspeksjonsresultat.
3. Satsing og vidareutvikling av oppdrettsnæringa i distriktet.

I dette arbeidet inngår bl.a. planar om etablering av matfiskanlegg i Vestnes kommune.

Satsing på oppdrett av andre marine fiskearter, som til dømes kveite, torsk og steinbit.

8. ANDRE VERKSEMDER

8.1. Interessante hendinger

Hausten 1991 blei det satt i gang ein omfattande kontroll av oppdrettsanlegga for laks/ørret. Haustens havbruksoffensiv i Møre og Romsdal.

Haustoffensiven er innledningen til ein to-års intensiv innsats frå fiskeristyresmaktene si side, der ei viktig målsetjing er å sikre ei meir miljøvennleg drift i norsk havbruksnæring.

I Møre og Romsdal blei det plukka ut cirka 40 lokalitetar som skulle inspiseres hausten 1991.

Ansvarer med å koordinere kontrollarbeidet regionalt (fylkesvis) er lagt til fiskerisjefene.

I samband med haustoffensiven 1991 i Møre og Romsdal var Fiskerirettleiaren saman med Fiskerisjefen sitt kontrollteam i vekene 46, 47 og 50.

Under havbrukskontrollen blir det fokusert på både helse- og miljøtilhøve og på anlegga sin tekniske standard.

Fiskerirettleiaren var med på den tekniske gjennomgangen av anlegga i distriktet.

Det var både interessant og lærerikt å få vere saman med kontrollteamet og utføre desse inspeksjonane på matfiskanlegga.

8.2. Krisehandteringar

Vinteren 1991 forliste det Panamaregistrerte skipet "Sonata" utafor kysten av Møre og Romsdal.

Skipet inneholdt cirka 350 tonn olje, og det var fare for oljeforurensing langs Mørekysten.

Fiskerirettleiaren blei beordra å vere i beredskap og sende ut informasjon til oppdrettere og fiskere i distriktet, og det blei oppmoda til å førebu tiltak for å minske skadane dersom oljen skulle drive inn til kysten.

Grunna oljelekkasje frå vraket av "Sonata" dreiv det ein del olje i land og griset til strendene mellom Haram og Åkre på Haramsøya.

Trass i at det var fiskeoppdrettsanlegg som låg i faresonen var det ingen anlegg som blei skadd av oljesøl.

Fiskerirettleiaren var på befaring på åstaden i det aktuelle tidspunkt og kunne difor rapportere om det som skjedde.

Første nyttårsdag 1992 raste det orkan på kysten av Møre og Romsdal og gjorde store skader både på sjøen og på land.

Fiskerirettleiaren foretok ei undersøking for å kartlegge skadeomfanget på båtane, landanleggene og oppdrettsanleggene i distriktet.

Orkanen gjorde størst skade på båtane i distriktet. Ein grov kalkyle syner at det blei gjort skader på båtane for bortimot 30 mill. kroner.

Landanleggene fekk ein del småskader.

Undersøkinga syner elles at oppdrettsanleggene i distriktet greidde seg ganske bra under orkanen.

8.3. Kystsoneplan

I den siste tida har ein registrert konflikter i samband med auka bruk av sjøareal. Det vil difor vere ein fordel at det utarbeides ein kystsoneplan i næraste framtid.

8.4. Fiskerihamneplan

Fiskerihamner - vidare utbygging av Austnes fiskerihamn.
Utdjuping (mudring) av Søvik hamn.
Fiskerikaier - utbygging av fiskerikari på Fjørtoft.

8.5. Samarbeidstiltak

Samdriftskontor for fiskere - undersøke om det er interesse blant fiskerne for etablering av samdriftskontor.

8.6. Fiskeriutdanning

Fiskerirettleiaren har i meldingsåret gått aktivt inn og oppmuntra fiskare til å styrke sin kompetanse i fiskaryrket ved å ta fiskerifagleg utdanning


Ein har og spreie informasjon om eksisterande stipendordningar for fiskare, samt gjeve rettleiing i utfylling av søknadsskjema.

V E D L E G G 1


Kart over:

Haram
Vestnes
Skodje
Ørskog

HARAM KOMMUNE




--- : Kommunegrense



H A R A M K O M M U N E

M : Matfiskanlegg , lokalitetar

S : Settefiskanlegg




V E S T N E S K O M M U N E

- - - : Kommunegrense
- S : Settefiskanlegg



- : Kommunegrense
- * M : Matfiskanlegg
- S : Settefiskanlegg



SKODJE KOMMUNE MÅLSTOKK 1:50 000

ALFABETISK LISTE OVER DE VIKTIGSTE STEDSNAVNE I SKODJE KOMMUNE.

1. Apalvik	36. Mauren
2. Apalviksetra	37. Mevatnet
3. Beite	38. Mørkeset
4. Berget	39. Midtli
5. Brusdal	40. Natvik
6. Dyrøya	41. Nes
7. Eikrol	42. Nonsvik
8. Engeset	43. Oppskar
9. Engesetsetra	44. Rabben
10. Engesetdalen	45. Reiakvam
11. Erstad	46. Salkjelsvik
12. Flåte	47. Sjukestranda
13. Fremmerli	48. Skodje
14. Furlia	49. Skodjesetra
15. Fylling	50. Skodjevågen
16. Glomset	51. Skar
17. Grasdalen	52. Slettebakk
18. Grindvik	53. Solnør
19. Grushola (sentrum)	54. Sollia
20. Gudmundset	55. Stavset
21. Heggebakk	56. Steinset
22. Honningdalsvika	57. Steinsetsetra
23. Høyvik	58. Stette
24. Høgsetra	59. Stige
25. Håhjem	60. Storsetra
26. Håhjemsvik	61. Straumen
27. Håhjem industriområde	62. Svorta
28. Indreberg	63. Svortevik
29. Innvik	64. Tøssebro
30. Juvågen	65. Utvik
31. Kassnes	66. Valle
32. Korsvegen (sentrum)	67. Vemøya
33. Langnes	68. Vik
34. Leita	69. Ytreberg
35. Lia (sentrum)	70. Ytreli
	71. Ytrevik
	72. Adalen (sentrum)

ØR OG KOMMUNE

Målestokk 1:50 000

--- : Kommune grense

